

**Frode Bu i Byggpartner Kvinnherad har søkt kommunen om nokre mindre endringar av reguleringsplanen for Ytre Eik for å kunne tilpassa mønevinklar til bratte tak som ligg i området frå før samt opne opp for moderne arkitektur.**

Om fritidsbebyggelse ynskjer Bu at bygningane skal ha takvinkel mellom 24 og 42 grader. Ein bestemmelse om gjerder vert erstatta med at det ikkje er tillete å setja opp gjerder i strandsona.

Under område for konsentrert småhusbebyggelse går bestemmelsen om saltak ut og erstattes med at bygningane skal ha ein takvinkel mellom 0 og 38 grader.

Under frittliggjande småhusbebyggelse går Bu inn for at bygningane skal ha ein takvinkel mellom 0 og 42 grader. Bestemmelsen om mønehøgda skal endrast slik at mønehøgda ikkje skal overstiga 9 meter over ferdig terreng.

Frå ein anan utbyggjar, Teigen Bygg og Trelast, har kommunen fått eit anna ynskje. Dei skal byggja nytt hus i Skårhaug 1 til erstatning for det branskadde og ynskjer utvida bruk av avkøyrsla. Vegvesenet svarar mellom anna der den nye er vist, vil det ikkje vera nok sikt mot nord fordi Helgheim vil vera eit sikthinder. Vegvesenet ynskjer helst å redusera talet på avkøyrslar til hovudveg når dette er mogeleg.

Utvida bruk av Skårhaugvegen vil krevja at det vert sett krav i form av siktutbetring, stigningstilhøve og geometrisk utforming av avkøyrsla.

Av Ola Matti Mathisen